

HARAM KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag 25.10.2010 kl. 10.00**  
**på Haram rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 13/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 6. juli.2010
- ” 14/10 - Tertialrapport 2. tertial 2010
- ” 15/10 - Brev frå kommunerevisjonen datert 02.09.2010 vedkomande finansreglement og finansiell risiko
- ” 16/10 - Vurdering av uavhengigheit
- ” 17/10 - Oppfølging av politiske vedtak

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Astrid Ahrens  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 06.07. 2010, kl. 10.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av: Astrid Ahrens

Elles til stades:

Villy Alvestad og Eivind Davik

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Frå Haram kommune møte:

Ordfører Bjørn Sandnes, rådmann Turid Hanken og spesialrådgjevar Eldar Hellandsvik

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

### SAK 10/10

#### GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 3. JUNI 2010

#### Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte den 3. juni 2010 blir godkjent.

### SAK 11/10

#### FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FINANSFORVALTNING I HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 01.07.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

#### Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei konklusjonane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om finansforvaltning i Haram kommune og føreset at desse blir tekne med i det vidare arbeidet med finansforvaltninga.
2. Kommunestyret konstaterer at forhold omtala i rapporten i hovudsak er teke omsyn til i nytt finansreglement.

#### **SAK 12/10**

#### **PRAKTISERING AV OFFENTLEGLOVA SAMT KONTROLL MED RETTIDIG SVAR PÅ BREV I HARAM KOMMUNE (saka kom opp under eventuelt)**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det blir gjort ei avgrensa undersøking/vurdering gjeldande praktisering av Offentleglova i Haram kommune samt ei undersøking/vurdering av om svartidspunktet på innkomne brev er i samsvar med fristane i forvaltningslova.

Astrid Ahrens  
leiar  
(sign.)

Villy Alvestad  
medlem  
(sign.)

Eivind Davik  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 19.10.2010

**SAK 14/10  
ØKONOMISK RAPPORTERING 2010**

**Generelle regler for rapportering**

Av budsjettforskriftene §10 går følgende fram:

*”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett skal kommunane fastsette regler for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet- og investeringsbudsjettet).

## Kommentarar vedkomande tertialrapporteringa

Kommunen har i 2010 budsjettet med 46,5 mill. kroner i inntekter frå finansforvaltninga for å få budsjettet i balanse. I tertialrapporten går det fram at det har kome inn om lag 3,5 mill. kroner. Andre inntekter og utgifter blir ikkje drøfta i denne saka. Kommunen har eit udekket underskot frå 2009 på 15.763.188 kroner.

Tertialrapporten har ingen prognose på forventa meirforbruk for 2010. Dette er ein ulempe med tanke på å synleggjere behovet for å iverksette økonomiske tiltak.

Det blir vist til § 10 i budsjettforskriftene ovanfor der mellom anna følgjande går fram:

*Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak*

Den økonomiske situasjonen som kjem fram av tertialrapporten er ikkje god. Kommunen har ikkje frie driftsfond og heller ikkje reserver til tilleggsløyvingar.

Kontrollutvalsekretariatet er ikkje kjent med at det frå administrasjonen si side er lagt fram saksutgreiing med forslag om plan for å få kommunen sin økonomi i balanse eller forslag om å sette i verk tiltak. I følgje tala i rapporten, er det liten tvil om at det her er snakk om *nevneverdige avvik*, jf budsjettforskriftene § 10. Saka blir førelagt politisk behandling der tilrådinga frå rådmannen er å ta tertialrapporten for 2. tertial 2010 til vitande.

Tertialrapport 1. tertial 2010 viste inntekter frå finansforvaltninga på 11 millionar kroner i. I mellomtida har det vore store svingingar i verdiane. Som nemnt ovanfor utgjorde inntektene ved 2. tertialrapport 3,5 millionar kroner. Dette viser kor risikoutsett dette området er og kor lett ein kommune kan kome i eit økonomisk uføre. I denne samanheng viser ein til brev av 02.09.2010 frå kommunerevisjonen (sjå sak 15/10). Her går det fram at plasseringar av aksjar og fond på norm 40% av den langsiktige kapitalen i Haram kommune inneberer vesentleg finansiell risiko for kommunen.

I det ein viser til det som kjem fram ovanfor finn ein det rett å vise til kva som kan skje dersom kommunen ikkje får økonomien sin i balanse. Dei kommunane som har tilstrekkelege store problem med økonomien, vil kome inn under ordninga med betinga godkjenning og kontroll (ROBEK)

Kommunesektoren si økonomiske tyngde tilseier at staten har behov for verkemiddel overfor kommunar som ikkje driv ansvarleg økonomiforvaltning. Gjennom lovgiving er det sett krav om balanse i årsbudsjettet og økonomiplanen, jf kommunelova §§ 44 og 46. Kommunar kan gjennom låneopptak og andre langsiktige avtalar komme i ein situasjon der dei får problem med å oppretthalde eit tilfredsstillande tenestetilbod. Staten har mulegheit til å halde seg orientert om den økonomiske situasjonen i kommunane ved at økonomiplan og årsbudsjett skal oversendast til orientering. For kommunar som kjem inn i ROBEK – registeret gjeld at kommunens budsjettvedtak blir teke opp til lovlegkontroll, dessutan krevst det statleg godkjenning av låneopptak og langsiktige avtalar som kan påføre kommunen utgifter utover dei fire neste budsjettåra.

Kriteriar som skal leggest til grunn ved betinga statleg godkjenning av og kontroll med økonomiske forpliktelsar etter kommunelova §60 (ROBEK):

1. Kommunestyret har vedteke å fastsette eit årsbudsjett utan at alle utgifter er dekt inn på budsjettet.
2. Kommunestyret har vedtatt å fastsette ein økonomiplan utan at alle utgifter er dekt inn.
3. kommunestyret har etter kommunelova § 48 nr. 4 andre punktum vedteke at eit rekneskapsmessig underskot skal fordelast utover det påføljande budsjettåret etter at rekneskapen er framlagt.
4. Kommunen følgjer ikkje vedteken plan for dekking av underskot.

Det er nok at eitt av disse punkta er oppfylt for å komme i ROBEK – registeret.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

1. Tertialrapportane bør heretter innehalde prognose på forventta meirforbruk/mindreforbruk.
2. Kontrollutvalet viser til § 10 i budsjettforskriftene der det mellom anna går fram når det bør settast i verk økonomiske tiltak
3. Saka blir å legge fram for kommunestyret til nærare vurdering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 19.10.2010

**SAK 15/10**  
**BREV FRÅ KOMMUNEREVISJONEN DATERT 02.09.2010 VEDKOMANDE**  
**FINANSREGLEMENT OG FINANSIELL RISIKO**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisjonen datert 02.09.2010

Kommunerevisjonen vil gi ei nærare orientering i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:  
Kurt A. Løvoll

Vår dato:  
02.09.2010  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

KOPI

Haram kommune  
Rådmannen  
Storgata 19  
6270 BRATTVÅG

### *Vedrørende finansreglement og vesentleg finansiell risiko*

Vi viser til revisjonsrapport om finansforvaltninga, og til revisjonsuttale datert 01.06.2010 vedrørende finansreglementet i Haram kommune. Vi viser vidare til motteke vedteke reglement og til saksutgreiing knytt til dette.

I revisjonsuttalen viste vi til revisjonsrapporten som var sendt over i god tid før handsaminga av nytt reglement, og vi gjentok difor ikkje dei vurderingar/tilrådingar vi hadde presentert i rapporten.

Som vi peikte på i rapporten må ein sjå vesentleg finansiell risiko i samanheng med evna Haram kommune har til å bere omfanget av den risiko som kommunen har teke. Evna til å bere risiko har nær samanheng med avsetjingar frå tidlegare år (disposisjonsfond) og den underliggjande driftsbalansen i kommune (netto driftsresultat over tid). Pr. dato har ikkje Haram kommune avsetjingar frå tidlegare år.

Finansforvaltninga må til ei kvar tid skje innanfor kravet om at kommunen ikkje har lov til å ta vesentleg finansiell risiko. Kommunen må sjølvstendig sjå rammene i finansreglementet i lys av dette, men jf. revisjonsrapporten ønskjer vi likevel å presisere at slik reglementet no ser ut, og slik driftsbalansen og den finansielle situasjonen for Haram kommune er pr. dato, vurderer vi det slik at plasseringar i aksjar og fond på norm 40% av den langsiktige kapitalen i Haram kommune inneberer vesentleg finansiell risiko for kommunen. Dette er i så fall i strid med både kommunelov og finansforskrift.

Under punkt 5.6 i reglementet er det sett opp tiltak for risikospreiing i aksjeporteføljane. Desse er etter vår vurdering tilfredstillande med tanke på det formålet, men dette er ikkje tilstrekkeleg i høve til vurdering av vesentleg finansiell risiko.




Vår dato:  
02.09.2010

Vår referanse:


Den vesentlege debatten om finansiell risiko er om aksjedelen er akseptabel i høve til risikoberande evne, som nemnt over vil det altså seie i høve til avsetnader frå tidlegare år og den underliggjande driftsbalansen i kommunen.

Vi forstår det elles slik at rådmannen har sendt ein kommentar vedrørende revisjonsrapporten til Kontrollutvalet etter høyringsfrist, og etter at rapporten var handsama. Vi har fått kopi av denne kommentaren frå kontrollutvalssekretariatet, og ser det slik at kommentaren ikkje inneheld opplysningar som ville påverka konklusjonar i rapporten. For ordens skuld ber vi om at slike kommentarar ved seinare høve også vert oversendt kommunerevisjonen.

Med helsing



Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar



Kurt A. Løvoll  
revisjonsrådgjevar

Kopi: Kontrollutvalet i Haram kommune

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 19.10.2010

**SAK 16/10  
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT**

Som vedlegg følger:

- Eigenvurdering frå kommunerevisjonen datert 06.09.2010

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år gi ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

Ytterlegare informasjon om eigenvurderinga går fram av vedlegget.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## Til kontrollutvalget

### i Haram kommune

#### **Vurdering av uavhengighet**

##### **Innledning**

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

##### **Lovens og forskriftens krav til uavhengighet**

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:


5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrollopgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

##### **Revisors egenvurdering av punktene ovenfor**

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

<p>Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit</p>	<p><i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i></p>
<p>Pkt. 4: Nærstående</p>	<p><i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Giske kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i></p>
<p>Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Giske kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
<p>Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Giske kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i></p>
<p>Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Giske kommune.</i></p>
<p>Pkt. 8: Andre særegne forhold</p>	<p><i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i></p>

Ålesund, 6. september 2010



Kjell Bjørnsen  
Oppdragsansvarlig revisor Haram kommune

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 19.10.2010

**SAK 17/10**  
**OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK**

I sak 09/10 oppfølging av politiske vedtak (temaet var også oppe til drøfting i sak 04/10) gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmannen om ein oversikt (restanseliste) over vedtak i kommunestyret som ikkje er sett i verk.

Melding om vedtak vart oversendt kommunen 08.07.2010, sjå vedlegg, med ønske om å få restanselista oversendt i midten av september. Slik oversikt er ikkje motteke pr. i dag. Saka blir lagt fram til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar